

Emne nr. 36.

HELSING, FAKTER, Åtferd.

2. Folk helste på alle dei møtte, anten dei hadde sett dei før eller ikkje.
3. Nei, men det var ei fornærming ikkje helse eller ikkje helse att.
5. "Fine, kondisjonerte folk" som prest, skrivar osv. tok ein nok helst av seg huva for. Det vart vistnok alltid gjort når ein kom inn i ein embettsmannsheim.
8. Folk handhelste på kvarandre i lag (bryllyp, gravferd, barnsøl, gjestebod.) Ein handhelste vistnok og på borna.
10. Folk tok alltid av seg huva når dei gjekk inn i kjørkja, når dei stod ved ei grav, ved ei likkiste og når dei åt. ("Den som åt oppi luva vart aldri mett")
11. Dei tok av seg luva og stod stille.
12. nei.
13. "Gomorn" eller berre "morn" sa dei tidleg om morgonen (før dugurd kl. 10 ?), "goddag" frå dugurdsleite til ved middagstider (kl. 15.), "godefta" frå middagstider til bortmot kveldvord (kl. 8 (20)), "godkveld" frå kveldvord utover til sengetid, "godnatt" ved sengetid. Grensene var nok noko flytande, serleg mellom godefta, godkveld og godnatt.
14. Dei yngre nyttar "morn" på ein meiningslaus måte. Dei eldre reagerar mot det.
16. Dei eldre følgjer det stort sett, dei yngre seier mest "morn".
17. Nei, ikkje det eg minnest.
21. Det var ingen som banka på ei dør. Ein gjekk rett inn utan vidare.
23. Ja.
24. Nei, dei hadde vanleg huva på.
25. "Du får sjå åt du får sitja".
26. Nei.
28. Det var vanleg tørke av stolen eller krakken, gjerne og sope ihop litt på golvet, men det vart gjort overfor alle.
29. "Du får vera velkome hit".
30. Det vanlege - goddag, godkveld osv. og det vart svara det same. Ein sa og gjerne "takk for meg" eller "takk for oss" og det vart svara "du det såmå".
31. "Du (døkk) får leva så vel" og det vart svara "du det såmå".
32. Nei.
35. Små born vart vanleg kyste av for eldre, syskjen og andre vaksne. Borna var da helst under 3-4 års alderen. Elles var det ingen som kyste einannan så nokon såg det.



39. Ja det var vanleg å "byte nåså".
40. Alle vaksne kunne "byte nåså" med borna.
41. Ja. Dei tok nasen til barnet mellom peikefingaren og langfingaren og likesom dro nasen av, så sette dei tommelen mellom desse to fingra og sa: "Sjå her er nasestubben din".
42. Ja mellom vaksne og mindreårige born. "Du får la farbror få småå godkjåkan din".
44. Ved truloving, giftarmål, barnefødsel o.l.
45. God jul, godt nyttår.
47. Takk, mange takk, tusen takk, takk skal du ha.
50. Folk seier "du" til alle, presten, kongen og Vårherre medrekna.

Svara ved Einar Hovdhaugen, Venabygd, Ringebu herad. *Oppland*.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7446